

Høyringsbrev

Dato: 21.11.2016

Til: Adressatane, jf. liste over høyringsinstansar

Frå: Forprosjekt Digitalisering, Fusjonsprgrammet HiB, HiSF og HSH

Saksnr: 16/03261

Emne: Høyring – Forprosjekt Digitalisering

Forprosjektet sitt mandat:

Det overordna målet for forprosjektet er å medverke til at interimsstyret skal kunne ta strategiske vegval når det gjeld digitale satsingar. Forprosjektet leverer med denne rapporten eit samla grunnlag for etablering av hovudprosjekt «Digital høgskule på Vestlandet» til interimsstyret for den nye høgskulen. Forprosjektet har sett på løysingar både for den faglege og den administrative delen av verksemda.

Samansetting av forprosjektet:

Monica Wammen Nortvedt (prosjektleder)	HiB
Sigurd Kirkebø (ekstern prosjektleder)	Deloitte
Tarjei Heggernes	HiB
Morten Fahlvik	HiB
Dagrun Kyrkjebø	HiSF
Grete Netteland	HiSF
David Parmentier	HiSF
Aslaug Grov Almås	HSH
Einar Kolstad	HSH
Henriette Michalsen (Studentrep.)	HSH
Øyvind Hatland (Studentrep.)	HiB
Marie Von Hirsch (Studentrep.)	HiSF

Invitasjon til innspel:

Avdelingar og administrative einingar, dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamentata vert inviterte til å kome med innspel til rapporten i sin heilskap. Sjå vedlagte rapport og mal for høyringssvar.

Høyringsprosess

Vi set pris på om leiarar som mottok høyringsinvitasjonen legg til rette for gode prosessar i dei einingane dei er ansvarlege for. Brei medverknad og gode innspel gjev godt avgjerdsgrunnlag når saka vert lagt fram for styret.

Høyringsfrist

Frist for å sende inn høyringssvar til rapporten er 4.12.2016.

Vi ber om at einingane svarer samla. Innspel frå underliggjande einingar/miljø kan følgje som vedlegg. Bruk helst vedlagte mal for høyringssvar.

Høyringsinnspel vert sendt til: post@hib.no, post@hisf.no eller postmottak@hsh.no

Høyringsinstansar

Avdelingane ved HiB, HiSF og HSH

Administrative einingar ved HiB, HiSF og HSH

Studentparlamenta ved HiB, HiSF og HSH

Tilsette sine organisasjonar ved HiB, HiSF og HSH